



Hordaland Fylkeskommune

Vår ref.
11/1395-129/N-001//KAWV

Dykkar ref.

Dato:
18.12.2014

Høyringsuttale frå Kvam herad vedkomande Regional plan for Vassregion Hordaland 2016-2021 (2014/16490)

Kvam heradsstyre har i sitt møte 16.12.2014 vedteke følgjande høyringsuttale:

1. Kvam herad ser positivt på arbeidet med å sikra ein felles, berekraftig bruk av vassressursane på tvers av sektorstyresmaktene, og ynskjer å vera ein aktiv bidragsytar til at måla i vassforskrifta vert nådde.
1. Kvam herad vil framheva behovet for styrkte økonomiske ressursar frå statleg hald for å sikra innføring av direktivet i vassforvaltinga og gjennomføring av aktuelle tiltak innanfor ulike sektorområde.
2. Vassforvaltingsplanen skal sikra både heilskapleg vern og berekraftig bruk av vassførekomstane, men planen legg einseitig vekt på å verna lokalt vassmiljø. Klima- og miljøutfordringane har ikkje fått ei heilskapleg tilnærming, og samfunnsnyttan ved berekraftig bruk av vassressursane er i for liten grad vektlagt, blant anna med tanke på vasskrafta sin verdi for klima, forsyningstryggleik og verdiskaping. Planen gjer det av den grunn vanskelegare å oppnå politiske vedtekne mål om meir fornybar energi i Noreg.
3. Tiltak som reduserer vasskraftproduksjonen må fjernast frå den endelege planen dersom dei ikkje byggjer på ei god kost/nytte-vurdering av kva som er best for samfunnet totalt sett.

Helsing

Kari Weltzien Vik

Leiar politisk sekretariat

Telefon: 56553022

Epost: kwvi@kvam.kommune.no

Kopi til:			
Kjell Helvik			